



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 16.03.2015
Vår ref.: 2014/21104-25
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.: «REF»

Fråsegn til utviding av planområdet for detaljregulering av Johan Sverdrup oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad-Austrheim kommune.

Vi viser til brev datert 27.02.15 om utviding av planområdet for detaljregulering for Johan Sverdrup oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mogstad med planprogram. Planområdet har tidlegare vorte varsla i brev av 16.09.14. Hovudføremålet med utvidinga av planområdet er å etablere gang og sykkelveg langs fylkesveg 565. Føremålet er i hovudsak i strid med kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planutvidinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det utvida planområdet. Ved Førlandsvågen, om lag 200 m aust for Fv 565, ligg det tre steinalderbuplassar (Askeladden id. 90856, 90858 og 90859). Det ligg også ein steinalderbuplass (Askeladden id. 178933) om lag 200 m vest for hovudvegen. Likevel er potensiale for nye funn innanfor det utvida planområdet vurdert til å vere lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/ skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Samferdsel

Hordaland fylkeskommune ser positivt på at planområdet vert utvida for å legge til rette for gang- og sykkelveg med tilhøyrande anlegg langs fylkesveg 565 Austrheimsvegen. Ved behov bør det vurderast å ta i bruk lokal overskotsmasse frå etableringa av Johan Sverdrup oljerørledning.

Når det gjeld barn og unge, strandsone, landskap, friluftsliv, biologisk mangfald og klima viser vi til fråsegn frå Hordaland fylkeskommune sendt den 14.11.2014.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre
www.hordaland.no/plan/startpakke

Marit Rødseth
plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Monica Cecylia Serafinska, Kultur og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kjetil Sigvaldsen, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen